



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Stortinget
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
22/2843 -

Dato
24.05.2022

Skriftlig spørsmål 2047 fra Sveinung Rotevatn - Kan finansministeren gi ei oversikt over samla auke eller reduksjon i klima- og miljøinnsatsen i framlegget til revidert nasjonalbudsjett?

Eg viser til brev av 13. mai 2022 frå Stortingets president med eit skriftleg spørsmål frå stortingsrepresentant Sveinung Rotevatn. Spørsmålet er:

Spørsmål:

Kan finansministeren gi ei oversikt over samla auke eller reduksjon i klima- og miljøinnsatsen i framlegget til revidert nasjonalbudsjett?

Grunngjeving:

I Prop. 115 S (2021-2022) vert det gitt ei oversikt over dei ulike omprioriteringane regjeringa foreslår i samband med revidert nasjonalbudsjett. Det blir likevel ikkje gitt eit samla tal på kor mykje klima- og miljøinnsatsen blir styrka eller svekka samanlikna med statsbudsjettet for 2022 som vart vedteke av Stortinget i desember 2021. Ut frå ei gjennomlesing kan det synest som den samla innsatsen blir monaleg svekka, jf. kutt til både klima- og skogprosjektet, restaurering av viktige naturtypar, skogvern m.v. Men det ville vore nyttig med ei samla framstilling. Eg ber om at det blir gitt ei separat oversikt over endringar i klima- og miljøinnsatsen som går over bistandsramma.»

Svar:

Med «auke eller reduksjon i klima- og miljøinnsatsen» legg eg til grunn at det vert meint endringar i løyving på budsjettpostar som kan ha effekt på utslepp eller opptak av klimagassar. Det finst fleire måtar å vurdere dette på. Eg gjer rekning med at representanten ønskjer ei oversikt basert på den som finst i kap. 17 *Klimaeffekt av*

framlagt budsjett i KLDs Prop. 1 S for 2022. Ut frå metoden som der er brukt kan ein setje opp tabellane under.

Foreslått endringar i løyvingar som kan påverke klima- og miljøinnsatsen, eksklusiv bistand:

Kap. og post (departement)	Formål	Nærmare forklaring	Foreslått endring i mill. kr
920.50 (NFD)	Norges forskningsråd, Tilskott til næringsretta forskning	Redusert løyving til Forskningsrådet	-22,6
923.01 (NFD)	Havforskningsinstituttet, Driftsutgifter	Meir kunnskap som grunnlag for lokalisering av havvind og havbruk til havs for å bringe fram kunnskap om effektar på miljø og økosystem og legge til rette for sameksistens med andre næringar.	10,0
5325.52 (NFD)	Innovasjon Noreg (Ny), Tilbakeføring frå kondemneringsordninga for skip	Avvikle kondemneringsordninga for skip	-53,4
1100.21 (LMD)	Landbruks- og matdepartementet, Spesielle driftsutgifter	Oppstart av Bionova utsettast til 2023	-30,0
1137.50 (LMD)	Forskning og innovasjon, Forskningsaktivitet, Norges forskningsråd	Redusert løyving til landbruks- og matforskning	-10,0
1420.01 (KLD)	Miljødirektoratet, Driftsutgifter	Gjennomføring av EUs grønne giv	5,0
1420.35 (KLD)	Miljødirektoratet, Statlege erverv, skogvern	Redusert løyving til skogvern	-50,0
1420.38 (KLD)	Miljødirektoratet, Restaurering av myr og anna våtmark	Redusert løyving til restaurering av myr og anna våtmark	-20,0

1800.21 og 1810.21 (OED)	Olje – og energidepartementet, Oljedirektoratet, Spesielle driftsutgifter	Havvind – forundersøkingar Sørlege Nordsjø II og Utsira Nord	70,0
1830.51 (OED)	Forskning og næringsutvikling, Infrastruktur og marknadsutvikling for hydrogen	Reduksjon i løyving til hydrogeninfrastruktur	-25,0
1840.72 (OED)	CO2-handtering, Langskip – fangst og lagring av CO ₂	Langskip – oppstart av fangstprosjekt ved avfallsforbrenningsanlegget på Klemetsrud i Oslo og aukte kostnader til bygging av fullskala anlegg for karbonfangst ved Norcem sin sementfabrikk i Brevik	390,0

Omprioritering innanfor bistandsramma som kan påverke klima- og miljøinnsatsen:

Kap.post (departement)	Formål	Nærmare forklaring	Mill. kr
162.72 (UD)	Fornybar energi	Omprioritering til innanlandske flyktningutgifter	-40,0
163.70 (UD)	Miljø og klima	Omprioritering til innanlandske flyktningutgifter	-50,0
163.71 (UD)	Bærekraftige hav og tiltak mot marin forsøpling	Omprioritering til innanlandske flyktningutgifter	-96,0
1482.73 (KLD)	Klima- og skogsatsinga	Omprioritering til innanlandske flyktningutgifter	-300,0

Eg vil elles peike på at det vert gjort store satsingar på klima og miljø i jordbruksavtalen 2022.

Oversikt over ordningar på jordbruksavtalen med klima- og/eller miljøformål, mill. kroner

Kap. 1150		2022	2023	Endring
Post 50	Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	147	170	23
Post 50	Drenering av jordbruksjord	68	68	0 ¹
Post 50	Tiltak i beiteområde (organisert beitebruk)	26	31	5
Post 50	PRESIS	4	4	0
Post 50	Klima- og miljøprogram	28	37	9
Post 50	Utvalde kulturlandskap og Verdsarvområda	23	25	2
Post 50	Biogass	12	13	1
Post 50	Klimasmart Landbruk	0	10	10
Post 50	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	112	162	50
Post 50	Handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel	12	14	2
Post 50	Utviklingsmidlar økologisk landbruk	31	15	-16
Post 74.16	Beitetilskott	1 078,00	1 349,0	271
Post 74.17	Areal- og kulturlandskapstilskottet	4 258,10	5 360,5	1 102,4
Post 74.19	Regionale miljøprogram (RMP)	601,1	786,1	185
Post 74.20	Tilskott til økologisk jordbruk	130,2	146,6	16,4 ²
SUM		6 530,4	8 191,2	1 660,8

- ¹ Satsen vert aukt, men sidan det er nok midlar på ordninga er det ikkje trong til aukt avsetnad i 2023.
- ² Av ordninga er 5 mill. kroner flytt til kap. 1150, post 73 Norsk Landbruksrådjering, 5 mill. kroner er flytt til Klima- og miljøprogrammet og 6 mill. kroner er flytt til nasjonale tilretteleggingsmidlar

Med helsing



Trygve Slagsvold Vedum